

Kjartan Fønnes  
Lynghaugen 18b  
5038 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/587 - 23/9006

Saksbehandlar:  
Christopher Marius Straumøy  
christopher.marius.straumoy@austrheim.kom  
mune.no

Dato:  
09.10.2023

## Endring av løyve til mellombels bruksløyve - gbnr. 148/123 - Åråsvågen - fritidsbustad - garasje

### Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til søknad motteke 09.10.2023 på e-post om endring av mellombels bruksløyve.

Det søkast endring av mellombels bruksløyve grunna ønska utsetting av frist for innsending av søknad om ferdigattest til 01.12.2024.

### Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for fritidsbustad på gnr. 146, bnr. 123 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Fritidsbustad
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.12.2024.

### Saksutgreiing:

Det einaste som gjenstår av arbeid er oppføring av garasje og det er etter kommunens vurdering ingen grunn til ikkje å gjeva utsetting av frist for søknad om ferdifattest som omsøkt.

### **Bortfall av mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 tredje ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Christopher Marius Straumøy  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### **Vedlegg:**

**Mottakere:**

Kjartan Fønnes

Lynghaugen 18b 5038

Bergen

Mjelde Bygg As

Mjelddalen 85 5286

Haus